

Månadsbrev september 2019

Det har skjedd mykje dei første vekene på skulen, både av læring og anna aktivitet. Dei varme dagane vart nytta til bading og kanopadling i åna, og Sven Haugen har begynt som sjåfør på ruta frå og til Ådneram. 7. klasse har hatt ei flott leirskuleveke på Haraldvigen og 6. klasse koste seg på overnatting i Øysteinshedlaren. FAU er delvis konstituert, for det vart mange fråfall, men Karine Tjørhom Myhra er leiar og Helin Morel nestleiar.

Overnattingsturen har regna vekk så langt, men me satsar framleis på tur til Børsteinen før det vert for kaldt, sjå eige skriv etter kvart. Om du som forelder vil vera med på tur, er du hjarteleg velkomen!



Mange har allereie lagt inn samtykke i **skuleadministrativt system**, Visma Flyt Skule, samt sendt meldingar og søkt på ekstradagar i SFO, og det fungerer fint. Litt lærer me undervegs, så gje gjerne beskjed om noko ikkje er som det skal.

September byrjar med **foreldremøte** for 1.-4. klasse tysdag 3. september kl. 18.00, og **politisk møteveke** der om- og påbygging av skulen skal opp att. Det startar med TLM 3., fortset med oppvekst og levekår 4., før det vert for formannskaps- og kommunestyremøte 5. september. Onsdag 4. september er det òg **UngData-konferanse** på Tonstad for ungdomsskuleelevar og politikarar etter lønsj. Det blir **diplomfest for Sommarles 2019** torsdag 12. september kl. 17.00 på biblioteket, og **informasjonsheftet** er rett rundt hjørnet sjølv om det var lova i august. 18. september vert det kurs i Kvinesdal for **trivelsleiarane**, og 9. klasse skal ha **nasjonal prøve i rekning** dagen etter og i lesing 25. 5. klasse gjennomfører nasjonale prøver 17. (rekning), 19. (lesing) og 20. (engelsk), og 23.-24. september planlegg 5.-7. klasse **lesevake** i Narnia-verda på Duge.

12. september skal Erik og Åse-Berit på **samarbeidsmøte på Dalane vgs.**, og 13. skal Åse-Berit på **småskulenettverksmøte** på Hidra. 23.-25. september er **det ASP-nettseminar** på Notodden og Rjukan "med verdensarven som bakteppe: Rettferdig arbeidsliv knyttet til bærekraftig utvikling i nye læreplaner". Bærekraftig utvikling er eitt av tre tverrfaglege tema i nye læreplanar, og både verdsarv og rettferdig arbeidsliv inngår i bærekraftig utvikling i overordna del av læreplanen. Rettferdig arbeidsliv er viktig for ei bærekraftig framtid. ILO (International Labour Organization) har to jubileum i 2019, for det er hundre år sidan ILO blei stifta og 50 år sidan organisasjonen fekk Nobels fredspris. Gunn Iren, Torger Åge og Åse-Berit skal på seminaret, og når dei kjem heim, reiser Hilde og Anders til Stjørdal på **MOT si ildsjelsamling** 26.-27. september.

Sinnes 02.09.19, *Åse-Berit* (rektor)



International
Labour
Organization

